



Del av sentrum i Uskedalen.

Uskedalen er saman med 14 andre bygder definerte som Nærsenter i samfunnsdelen i den nye Kommuneplanen. Det er eit framlegg frå planleggjarane i eit dokument som no vert sendt ut på høyring. Husnes er regionsenter. Rosendal er kommunesenter. Hatlestrand og Sæbøvik er lokalsenter. Uskedalen er nærsenter. 19 bygder vert med dette delte inn i ulik typar senter med ulike funksjonar.

Bygdene er merka med ulike tenestetilbod ut frå om *dei bør ha* tilboda eller *kan ha* tilboda. Regionsenteret Husnes er merka med *bør ha* på dei fleste tenestetilboda, 21 av totalt 25 tilbod. Kommunesenteret Rosendal er merka med 14 *bør ha* og 2 *kan ha*. Loalsentera Hatlestrand og Sæbøvik er merka med 9 *bør ha* og 4 *kan ha*.

Uskedalen saman med alle dei andre bygdene er berre merka med 2 *bør ha* og 5 *kan ha* tilbod. Uskedalen *bør ha* møteplass og heimetenester. Bygda *kan ha* barneskule, barnehage, bokbuss, detaljhandel og kulturskuletilbod.



Oversiktsbilete frå Adnaklett.

Uskedalen er ikkje merka av for kulturhus eller samfunnshus jamvel om Aktivitetshuset i dag fungerer som det. Dersom det vert eit utviding av Hallen med klatresenter og lokale for andre aktivitetar, vil dette tilbodet bli forsterka.

Nokre av dei andre tenestetilboda som til dømes rådhus, sjukeheim, helsesenter, NAV og politi er vel neppe aktuelt. Andre tenestetilbod kan gjerne vera plassert i Uskedalen.

Planleggjar Harald Maaland orienterte Formannskapet om slik ein ser for seg senterstrukturen i Kvinnherad. Sjølv om Uskedalen ligg sentalt til geografisk, har bygda ein svak posisjon i det som vert tenkt om den framtidige kommunen Kvinnherad.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut A. Myklebust/ Harald Sætre/ Kristian Bringedal



Sentrum - eit motiv frå skogsvegen på Fet.